

VEKEPLAN 1.trinn Veke: 4

Ansvarselevar:

1A: Daniel og Ivana

1B: Tilde og Kevin Emil

Kontaktlærer:	E-mail:
1A Ina Forland	Ina.forland@auustevoll.kommune.no
1B Kjersti Mæland	Kjersti.meland@auustevoll.kommune.no
Administrasjon 55081321 Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo	



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.40	Samlingsstund/ Leik	Symjing 1A Stasjonar 1B	Samlingsstund/ Leik	Samlingsstund/ Leik	Samlingsstund/ Leik
09.40-10.05	Friminutt				
10.05 -11.35	Matte	Matte 1A Gym 1B	Tur frå kl.10 	Engelsk	Musikk
11.00-11.35	Mat	Mat		Mat	Mat
11.35- 12.00					
12.00-12.45	Stasjonar	Arbeidsøkt		Zippy/ biblioteket	SKULEDAGEN AVSLUTTET 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTET kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTET kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTET kl.12.45		



Info til heimen

Hei 😊

Vi har kjekke veker saman med fyrsteklasse-gjengen! For tida er fokuset retta mot lesing, skriving og rekning, og vi ser stor utvikling hos elevane kvar dag. Vi minner om at det er viktig at elevane les litt heime kvar dag og at ein snakkar om kva ein har lest. Hugs også at høgtlesing for borna er med på å styrke både fantasi, ordforråd og tekstforståing hos elevane 😊

Denne veka legg vi ved eit matteark i leksemappa. Dette er valfri lekse for dei som vil 😊

Fint om alle sjekkar garderoben jamleg og tar med heim skitne/våte klede og fyller på med bytekledde. Pass også på at elevane har varme ytterklede, regnkledde, vottar/hanskar, lue og vintersko på skulen.

1A skal ha symjing på tysdag og må ha med seg badeklede, handkle, badehette og såpe.

1B skal ha gym i midøkta, og må ha med seg innesko eller antiskli-sokkar i midtøkta tysdag.

Måndag 26. januar har **elevane fri**, då det er planleggingsdag for lærarane og assistentar.

Skule og SFO er stengt.

Onsdag 28. januar skal vi ha **100-dagarsfest**, som er ei feiring av at vi har gått 100 dagar på skulen. Denne dagen kan elevane kle seg ut som ein 100-åring. Det blir aktivitetar, leik og moro!

God langhelg!

Helsing Kjersti og Ina

Vekas mål

- Eg jobbar godt med læringspartnaren min.
- Eg kan skrive og gjenkjenne bokstaven **q** og **w**.
- Eg veit kor loft, stue og kjellar er i bokstavhuset og kor bokstavane skal plasserast.
- Eg kan skrive tala opp til ti og gjenkjenne mengde opp til 10.
- Eg veit kva vi meiner med addisjon.

Vekas bokstav	Vekas bokstav	Vekas tal
		Vi jobbar med tal og mengde opp til 10. Eg veit kva vi meiner med addisjon.

Heimelekse

Hugs å lese litt heime kvar dag!

Måndag og tysdag

Jobb med lekseark 1 og les side 78 og 79 i Salto Leseboka.

Valfritt matteark 😊

Onsdag og torsdag

Jobb med lekseark 2 og les side 80 og 81 i Salto Leseboka.

Leksemappa og leseboka skal alltid liggje i sekken.

Vi samlar inn leksene på fredagen

Bokstavhuset

